



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 13.03.2017

Vår ref.: 2016/6619-8

Saksbehandlar: gunhans

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Fråsegn frå Hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved Odda sjukehus

«Adresse» Hordaland fylkesting har i møte 08. 03. 2017 samråystes vedteke slik fråsegn:

Fråsegn frå Hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved Odda sjukehus.

Hordaland fylkesting ser det som sær avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttkirurgiske beredskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert vidareført som i dag. Fylkestinget syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrande geografi, topografi, og vanskelege veg- og vêrtilhøve. Fylkestinget vil difor sterkt understreka at Odda sjukehus framleis må ha eit akuttkirurgisk døgntilbod.

Hordaland fylkesting vil og minne om sitt samråystes vedtak den 9. desember 2015 om at lokalsjukehusa på Stord og i Odda treng både medisinsk og kirurgisk akuttkirurgisk beredskap for å sikre eit fullverdig lokalsjukehus

Hordaland fylkesting oppmodar difor styret i Helse Vest i sitt styremøte den 4. april om å leggje avgjerande vekt på dei samstemte fråsegnene for fortsatt akuttkirurgi frå helsepersonellet ved Odda sjukehus, fastlegane, alle dei politiske organa i Odda lokalsjukehusområde og heile organisasjonslivet og næringslivet i dette distriktet.

Med helsing

Pål Kårbø
fung. fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Brevet er sendt til:

Hordalandsbenken – Stortinget
Helse Vest